




Utforming av kommuneplan



**Klepp sin
kommuneplan
2014 – 25 blei
vedteken i
kommunestyret
17. november
2014. Planen
består av:**




Barna vår framtid

Kommuneplan for Klepp 2014-2025
Samfunnsdel



Og dessutan av:

 **Klepp kommune**
Kommuneplan 2014-2025 Arealdelen

TEIKNFORKLARING PBL av 2008

1: Bygninger og anlegg (PBL2008 §11-7 NR.1)

Novierende	Framtidig	Bygninger og anlegg
[Yellow]	[Yellow]	Bygninger og anlegg
[Light Yellow]	[Light Yellow]	Bustader
[Light Orange]	[Light Orange]	Fritidsbusetnad
[Orange]	[Orange]	Sentrumsformål
[Light Purple]	[Light Purple]	Kjøpesenter
[Purple]	[Purple]	Offentlig eller privat tenesteyting
[Light Green]	[Light Green]	Fritids- og turismformål
[Green]	[Green]	Råstoffutvinning
[Dark Green]	[Dark Green]	Næringsbygninger
[Light Blue]	[Light Blue]	Idrettsanlegg
[Blue]	[Blue]	Andre typar bygninger og anlegg
[Light Blue]	[Light Blue]	Grav- og urnelund
[Dark Blue]	[Dark Blue]	Kombinert bygge- og anleggsformål

2: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §11-7 NR.2)

[Grey]	[Grey]	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
[Light Grey]	[Light Grey]	Køyreveg
[Dark Grey]	[Dark Grey]	Bane
[Light Blue]	[Light Blue]	Parkering

3: Grøntstruktur (PBL2008 §11-7 NR.3)

[Light Green]	[Light Green]	Grøntstruktur
[Light Green]	[Light Green]	Naturområde
[Light Green]	[Light Green]	Turdrag
[Light Green]	[Light Green]	Friområde
[Light Green]	[Light Green]	Park

5: Landbruks-, natur- og friluftformål (PBL2008 §11-7 NR.5)

[Light Green]	[Light Green]	Landbruks-, natur- og friluftformål
---------------	---------------	-------------------------------------

6: Bruk og vern av sje og vassdrag (PBL2008 §11-7 NR.6)

[Light Blue]	[Light Blue]	Bruk og vern av sje og vassdrag med tilhørende strandsone
[Light Blue]	[Light Blue]	Naturområde


8: Omsynsoner (PBL2008 §11-8)

[Diagonal Lines]	[Diagonal Lines]	Faresone - Skytebane - H360
[Diagonal Lines]	[Diagonal Lines]	Omsyn landbruk - H510
[Diagonal Lines]	[Diagonal Lines]	Omsyn vassdrag - H560
[Diagonal Lines]	[Diagonal Lines]	Omsyn grøntstruktur - H540
[Diagonal Lines]	[Diagonal Lines]	Omsyn Friluftsliv - H530
[Diagonal Lines]	[Diagonal Lines]	Bandlegging etter lov om naturvern - H720
[Diagonal Lines]	[Diagonal Lines]	Bandlegging etter lov om kulturminne - H730

LINJE- OG PUNKTSYMBOL

[Solid Line]	[Red Line]	Hovudveg
[Dashed Line]	[Red Line]	Hovudveg tunnel
[Dotted Line]	[Red Line]	Samleveg
[Dotted Line]	[Red Line]	Tilkomsveg
[Dotted Line]	[Red Line]	Hovudturveg/Lokalturveg
[Dotted Line]	[Red Line]	Gang-sykkelveg
[Dotted Line]	[Red Line]	Jernbane
[Dotted Line]	[Red Line]	Senteravgrensing
[Circle]	[Circle]	Kollektivknutepunkt
[Circle]	[Circle]	Vegkryss
[Dotted Line]	[Dotted Line]	Avgrensing omsyns- og faresoner
[Dotted Line]	[Dotted Line]	Langsiktig grense for landbruk
[Dotted Line]	[Dotted Line]	Restriksjonsplan Stavanger lufthavn

K SEFRAK
R Automatisk freda kulturminne (forminne)
Jf. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne



Kartgrunnlag: N20 kartdate 2013
Bygg og kulturminne: FKB 2014
Målestokk: 1 : 20 000
Elevhøgdsane: 10 m.

0 200 400 600 800 1000 m

Kartgrunnlag: ©GEOVEKST
GEOVEKST Tittelnummer: GV.K-1120
Høyingsforlag 03.02.2014



Klepp kommune

Kommuneplan 2014-2025



Bestemmelsar og retningslinjer

Versjon
01.10.2014





Planstrategi

I kommunal planstrategi blei det bestemt at både samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen skulle reviderast.

Dette er vidareføring av tidlegare praksis.

Fordelane med dette er at det blir færre endringar å forhalde seg til ved kvar revisjon, og at det er betre mogleghet til å få til kobling mellom areal- og samfunnsdel

Ulempa er at det ved kvar revisjon blir ein omfattande prosess med alle dei plankrava som er sett





► Planprogram

Hovudvekt på/utgreiingsbehov:

- visjon, verdiar og mål
- vekstproblematikk
- folkehelse
- samordna areal og transport
 - bustadareal
 - senterstruktur





Politisk forankring

- I Klepp fungerer formannskapet som kommuneplanutval
- Kommuneplanutvalet følger planprosessen frå planstrategi til ferdig kommuneplan tett
- Kommuneplanutvalet er representert i dei fleste møtene med offentlege og private instansar
- Kommuneplanutvalet er aktive i sjølve planutforminga

Men:

- Involveringa i arbeidet med samfunnsdelen har vore mest utfordrande!




► Vekst – politisk styrt?

Vekstfaktoren ligg som kjent som ein viktig premiss i kommuneplanlegginga.

Skal ein nytta framskrivingsmodellar?

Skal veksten vera politisk styrt?

I kor stor grad kan veksten styrast på kommunenivå?





Deltaking

Kommunen legg vekt på brei deltaking frå utbyggjarar, grunneigarar, bedrifter, lag og organisasjonar i kommuneplanprosessen.

Kommunen inviterer til møte der interesserte kan møte kommuneleiinga både politisk og administrativt.


Får gode tilbakemeldingar frå enkeltpersonar som er blitt høyrde, sjølv om dei kanskje ikkje har fått det heilt slik dei ville.





Utsnitt frå plankartet

Klepp stasjon





Samfunnsdel

Samfunnsdelen blir utarbeidd av ei administrativ, tverretatleg gruppe. Arbeidet er basert på dei føringar som er gitt i planprogrammet.

I Klepp er kommuneplanens samfunnsdel utforma som eit overordna dokument, med lite spesifikke mål og tiltak. I kommunen sitt plansystem er det føresett at dei overordna måla skal brytast ned til handlingsmål og tiltak i underordna planar.

Ved dei siste kommuneplanrevisjonane har ein hatt ulike perspektiv ved folkehelse som hovudtema.

Samfunnsdelen inneheld berekningar av dei behova kommunen har for areal og infrastruktur til ulike føremål, basert på den vekst som er lagt til grunn.





Arealdel

Arealdelen i kommuneplan 2014-2025 har vore ein relativt ”enkel” revisjon:

Bustadområdene i Interkommunal kommunedelplan Bybåndet sør har gitt eit overskot av bustadareal i høve til Klepp kommune sitt behov.

Nokre bustadområde andre stader i kommunen er lagt inn for å balansera utviklinga noko.

Kommuneplanutvalet har prioritert område i aust og langs Jærbanen. Fleire utbyggingsområde har er skove ut i tid.

Lite nytt næringsareal.





Avklarings- og dialogmøte

Kommunen har hatt møte med regionale og statlege instansar gjennom heile planprosessen.

Kommuneplanutvalet har vore med i desse møtene. Nyttig at dei folkevalgte på kommunalt nivå møter overordna styresmakter.

Kommunen har fått gode innspel undervegs i planarbeidet. Likevel opplever me å få overraskande motsegner/faglege råd i høyringsfasen. Dette gjeld ofte detaljar som burde kunne vore rydda av vegen.





Tilhøvet til Regionalplan Jæren

Regionalplan Jæren blir opplevd som den mest styrande, ytre ramma i kommuneplanlegginga.

Gir gode innspel og krav til planinnhald.

Kan til tider synast for detaljregulerande og vera til frustrasjon.

Regionalplanen legg opp til sterk styring gjennom bestemmelsar og retningslinjer. I Klepp opplever me at omfattande bestemmelsar fører til ei sterk auke i dispensasjonssaker.

Kommunen har i liten grad utfordra regionalplanen ved denne kommuneplanrevisjonen.





Fylkesmannen / Fylkeskommunen - roller

Konfliktnivået mellom kommunen og fylkesmannen har tradisjonelt vore høgare enn tilfellet har vore med fylkeskommunen.

Men i revisjonen av kommuneplanen er det innsigelsane frå administrasjonen i Rogaland fylkeskommune som har skapt dei største overskriftene og dei mest frustrerte lokalpolitikarane. Ordførar Torkel Myklebust gjorde under sist vekes synfaring med fylkeskommunen også eit poeng av at innsigelsane mot alle nye bustad-og næringsfelt for han går utanpå alt han har sett av motstand frå fylkesmannen. *Suldalsposten 24.09*

– Jeg reagerer veldig sterkt og er forundra over at fylkeskommunen kan sende ut et slikt skriv, sier ordfører Torkel Myklebust i Suldal. NRK 15.09

Gjelder flere kommuner

Og det er ikke bare Suldal som har møtt innsigelser fra fylkeskommunen på lignende grunnlag.

– Jeg tror dette er en problemstilling i mange kommuner, sier ordfører Ane Mari Braut Nese i Klepp.

Hennes kommune er nå i megling med fylkeskommunen om planer om nye boliger på Pollestad.

NRK 15.09

– Suldal må selv få bestemme hvordan folk skal leve og bo i kommunen, sier fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa.

NRK 23.09





Sier nei til utvidelse av Q-meieri på matjord

Fylkespolitikkerne sier nei til planene om å utvide Q-Meieriene sitt meieri på Jæren. Planene kan føre til nedbygging av 13,5 mål dyrket jord.

I Klepp kommune er kommunalsjefen for lokal utvikling, Kåre Strand, oppgitt over det som har skjedd i Rogaland fylkeskommune.

Oppgitt

– At de som har ansvar for næringsutvikling i fylket kan gjøre et slikt vedtak, skjønner jeg ikke, seier Strand til Jærbladet.

Han oppfatter fylkeskommunens motstand som langt strengere enn Fylkesmannens.

– Motstanden fra Fylkesmannen har vel omtrent samme innhold som mindretallets forslag i fylkesutvalget, sier Strand.

Nationen 28.09





Motsegner

Dei motsegnene Klepp kommune fekk etter høyringsfasen kan delast i to kategoriar:

1. Politiske motsegner
2. Tekniske motsegner

Slik ein har oppfatta det skal motsegner bare nyttast der motsegna kan heimlast direkte i lovar og forskrifter. I Klepp har ein ei oppleving av at det til tider blir fremma motsegn noko lettvindt, for å koma i dialog. Denne typen motsegner bør unngåast.

Tilhøve av teknisk art bør kunne avklarast i møte før høyring, og med det unngå slike motsegner.





Mekling

Kommunen opplever meklinga som ein ryddig og greit gjennomført prosess.

Gjennom meklinga blei alle saker med motsegn løyste, rett nok etter nokre ekstrarunder.





Kor lenge varer ein kommuneplan?

- Klepp vedtok sin kommuneplan 17. november 2014 – etter 3 års arbeid.
- I mekling med Fylkeskommunen og Fylkesmannen 1. desember 2014 var kravet at Klepp umiddelbart startar arbeid med revisjon av planen, og held god framdrift i arbeidet!
- Kommuneplanarbeidet går kontinuerleg!





Teknisk utforming

Arealdelen av kommuneplanen er blitt komplisert og skal innehalda ei rekkje detaljar vist på rett måte. Til tider kan det synast unødig komplisert.

Sjølv om ein del av dette er regulert gjennom SOSI-systemet, kunne det ofte vore ønskjeleg med ein "mal" på korleis symbolbruk, omsynssoner osv skal framstillast.

Bruk av omsynssoner gir mange muligheter, men blir også opplevd som kompliserande. Omsynssoner kan fungera bra på digitale plattformer, men gir dårleg lesbarhet på trykte kart.

Er tida inne for å gå heilt digitalt?





Me gjer det enkelt!

Klepp kommune har gode røynsler med å gjera kommuneplanprosessane og utforminga av planane enkle.

Ved å revidera ofte og heller velja seg få tema å fokusera på, er revisjonen ei overkomeleg oppgåve.

Ein ser likevel at krava om planstrategi, planprogram, konsekvensutgreiingar og meir omfattande planprosessar stadig gjer det vanskelegare med "enkle" variantar.

Detaljeringsgraden må me tenkja nøye gjennom. Klepp har til dømes 6 sider bestemmelsar og retningslinjer, og reknar det for mykje. Andre kommunar har sikkert 10 gonger meir!





► Kva er me minst gode på?

Det er mykje me kunne gjort betre!

Det me likevel klart burde gjort betre er medverknad frå innbyggjarane.

Sjølv med møteverksemd med enkeltpersonar, bedrifter osv, har me truleg ikkje nådd "Kleppsuen". Me opplever få innspel og idear frå personar som ikkje har ei direkte interesse i areal eller verksemd.

Korleis skal me få det til?

Sjølv om me har god kontakt med statlege og regionale styresmakter i prosessen er det eit potensiale i å rydda unna unødige motsegner/faglege råd før planen blir fremma.

